


Termlosen

Kort innføring i begrepsanalyse og terminologiarbeid

Heidi Suonuuti



Språkrådet:

Termlosen

Kort innføring i begrepsanalyse og terminologiarbeid

Heidi Suonuuti



Språkrådet :

Oslo 2020

ORIGINAL (ENGELSK):

Heidi Suonuuti, Guide to Terminology Nordterm 8
Andre utgave
Første utgave trykt 1997
Utgitt av Tekniikan Sanastokeskus ry –
Centralen för Teknisk Terminologi rf, Finland,
på vegne av Nordterm

© Heidi Suonuuti, 2001

ISBN 952-9794-14-2
ISSN 1100-9659

NORSK VERSJON:

© 2008 Språkrådet:
Rettet 2. opplag, 2010
Ajourført 3. opplag, 2012
Ajourført 4. opplag, 2015
Rettet og ajourført 5. opplag. 2020

www.språkrådet.no

OVERSETTELSE:

Bjørg Nesje Nybø

REDAKSJON OG TILRETTELEGGELSE:
Språkrådet

DESIGN OG PRODUKSJON:
www.kursiv.no

ISBN 978-82-997266-1-8
ISSN 1100-9659

ESPERANTO: Terminologia gvidilo, 1998. ISBN 92-9017-057-3

FINSK: Sanastotyön opas, 2006. ISBN 952-9794-23-1

ISLANDSK: Leiðbeiningar um íðorðastarf, 2004. ISBN 9979-842-61-X

KINESISK: 术语工作指南, 2002. <http://ling.cuc.edu.cn/htliu/tg.html>

KROATISK: Upute za nazivlje, 1999. ISBN 953-6783-00-2

SVENSK: Terminologiguide, 2004. ISBN 91-631-4906-0

Forord til den engelske originalversjonen

Alle som arbeider med terminologi, for eksempel med å utarbeide en termliste, må vite hvor de kan finne svar på en rekke spørsmål, før de i det hele tatt kan begynne på selve arbeidet. Hvor begynner man, hvor finner man pålitelige kilder, og hva slags opplysninger skal man samle inn? Hvordan strukturerer og registrerer man opplysningene, og når er datamaskinen et nyttig hjelpemiddel? Hvordan skiller man de forskjellige språkene fra hverandre, hvordan skriver man definisjoner, og hvordan organiserer man hele arbeidsprosessen? Slike spørsmål dukker opp hver gang et terminologiprosjekt blir satt i gang, og derfor er det fornuftig å forsøke å benytte løsninger som allerede er utprøvd. De metodene som benyttes ved prosjektarbeid, egner seg godt også til terminologiarbeid. Til og med praktiske småting som volder bry i arbeidet, er ofte av en slik art at standardiserte metoder eller modeller kan være til hjelp. En oversikt over nytte standarder er oppført på sidene 45–46.

Andre og mindre vanlige spørsmål gjelder kvaliteten på termlista. Ofte dukker ikke spørsmålet om kvalitet opp før mot slutten av terminologiprosjektet, eller først når termlista er gitt ut. For selv om en termsamling bygger på best mulige kilder, bør den ikke gis ut før den er bearbeidet. Det viktigste kjennetegnet på kvalitet i en termliste er indre sammenheng i innholdet. Det vil si at det må være klare relasjoner mellom begrepene, og det kommer til uttrykk i entydige definisjoner og termer som ikke motsier hverandre. En slik struktur oppnås bare når materialet utarbeides systematisk. Formålet med dette heftet er å gi en kort innføring i prinsippene og metodene for systematisk terminologiarbeid og vise hvordan de kan utnyttes i praksis. Heftet inneholder derfor ikke alle de opplysninger man trenger. Ytterligere opplysninger er imidlertid å finne i standardene nevnt ovenfor. De bør være obligatorisk lesning for dem som leder terminologiske arbeidsgrupper. Det som imidlertid er mest verdi fullt i terminologiarbeid, er lang erfaring og praksis på området. Derfor kan en erfaren terminolog tilby uunnværlig hjelp til å overvinne de hindringene som uunngåelig dukker opp i alle terminologiprosjekter. Arbeidsgrupper som tar fatt på et terminologiprosjekt

for første gang, oppfordres derfor innstendig til å ta kontakt med en erfaren terminolog når det er mulig.

Selv om systematisk terminologiarbeid åpenbart bidrar til økt kvalitet, kan førsteinntrykket være at metoden er altfor komplisert, tidkrevende og kostbar. Det stemmer imidlertid ikke. Lang erfaring og statistikk fra tidligere prosjekter viser at bruk av terminologiske metoder faktisk fører til kortere prosjekttid og betydelig lavere totalkostnader så snart den første læringsteskelen er passert.

Dette heftet er et sideprodukt av internasjonal standardisering. Det opprinnelige initiativet kom fra brukere som mente at de behøvde en kortfattet innføring i prinsippene og metodene for praktisk terminologiarbeid. En rekke høyt verdsatte kolleger og terminologi-interesserte fagekspertar fra Norge, Sverige, Finland, Canada og Østerrike har vært til stor hjelp for meg med nyttige og innsiktfulle kommentarer. Jeg vil med dette takke dem alle sammen.

Helsingfors i desember 1996

Heidi Suonuuti

Forord til andre utgave av den engelske originalversjonen

Den reviderte andre utgaven av *Guide to Terminology* inneholder bare noen få endringer, som skyldes at åpenbare feil og utelateler er rettet.

Da *Guide to Terminology* opprinnelig ble utarbeidet i 1996, fantes det ennå ikke noen enkel og kortfattet veiledning i terminologi-arbeid. De internasjonale standardene var altfor teoretiske og innviklede for praktisk terminologiarbeid, og reviderte utgaver av dem var fremdeles bare på planleggingsstadiet. Vanligvis blir fagordlister utarbeidet av grupper med representanter for det aktuelle fagområdet. Slike grupper mislikter ofte teori fordi de syns den er forholdsvis unyttig. Derfor følte de behov for en veiledning som med eksempler presenterte det minimum av teori som er nødvendig for terminologiarbeid. At det var behov for veiledningen, ble etter min oppfatning bekreftet ved at den snart ble oversatt til fire språk: esperanto, kroatisk, kinesisk og spansk (sistnevnte er imidlertid ikke gitt ut ennå).

I de seneste årene er det gitt ut et nytt sett internasjonale standarder. De er mer praktisk vinklet og mer kortfattede enn tidligere. Likevel virker det som om dette heftet fortsatt forsvarer sin plass som en innføring i terminologiens verden.

Helsingfors i september 2001

Heidi Suonuuti

Forord til den norske versjonen

Fagspråk er en viktig arena for utviklingen av ordforrådet i et språk. På de aller fleste fagområder oppstår det jevnlig nye begreper med tilhørende betegnelser, det vil si termer. Mange av dem tas i bruk også i allmennspråket, i dag ikke minst innenfor databehandling og kommunikasjon over Internett.

Språkrådets forgjenger, Norsk språkråd (1972–2004), var engasjert i norsk terminologiuutvikling og deltok i komité- og prosjektarbeid på området. Språkrådet er ikke mindre opptatt av norsk fagspråk; et av institusjonens fire ytre fagråd har nettopp terminologi og fagspråk som sitt ansvarsområde.

Den tiltakende internasjonaliseringen har ført til økt bruk av engelsk språk i fagkommunikasjon i de fleste industrialiserte land, så vel i forskning og utvikling som i undervisning og publisering. Det vekker bekymring fordi det i nasjonalspråk som norsk dermed i mindre grad enn før blir utviklet ny terminologi. Enkelte frykter at følgen kan bli at norsk i framtida ikke lenger vil være et fullgodt uttrykksmiddel i tale og skrift på alle fag- og samfunnsområder.

Dette heftet blir gitt ut som et ledd i bestrebelsene på å styrke norsk fagspråk. Heidi Suonutis *Guide to Terminology* gir en grunnleggende innføring i begrepsanalyse og terminologiarbeid. Vårt håp er at innholdet kan stimulere interessen for arbeid med norsk terminologi og styrke bevisstheten om at det er maktpåliggende å ivareta denne delen av morsmålets ordforråd. Målgruppen er alle som er interessert i begrepsanalyse og terminologi. Ikke minst vil fagfolk og (fag)oversettere kunne ha utbytte av innholdet. Heftet kan dessuten med fordel brukes som en innføring i emnet for studenter, innenfor både tekniske og humanistiske fag.

Hovedtittelen på den norske versjonen er *Termlosen*. Med den ønsker vi å tydeliggjøre at heftet ikke er en uttømmende lærebok, men snarere en veiviser gjennom de mest grunnleggende prinsippene og arbeidsmetodene på området. Tillegget *Termleia* er en kortfattet veiledning som trinn for trinn viser vei i praktisk terminologiarbeid og dessuten kan benyttes som sjekkliste.

Den norske versjonen følger i all hovedsak den engelske originalen, men avviker på noen punkter og følger da den svenske versjonen. Oversikten over anvendte termer med sidehenvisning (s. 41–43) og Nordterms organisasjoner (s. 44) er oppdatert, i likhet med fortegnelsen over referanser til aktuelle standarder (s. 45–46). Sistnevnte fortegnelse og *Termleia* er dessuten flyttet bakerst i heftet. Oversettelsen – som dels er på bokmål, dels på nynorsk – er gjennomgått, kommentert og godkjent av forfatteren.

Vi retter en stor takk til Heidi Suonuuti for at vi får gi ut en norsk versjon. Oversetteren fortjener ros for sitt solide arbeid og store tålmodighet! Vi takker også Johan Myking ved Universitetet i Bergen og flere personer ved Standard Norge som har bidratt med forslag, råd og opplysninger. Torbjørn Breivik i Språkrådet deltok i arbeidet på et innledende stadium.

Oslo i juni 2008
Jan Hoel, Språkrådet

Etterspørselet etter *Termlosen* har vært stor. Det første opplaget på 1 000 eksemplarer er revet unna på 20 måneder. Det er med stor glede vi nå gir ut et nytt, rettet opplag. Det dreier seg om noen mindre språklige rettelser og faktaendringer som ikke endrer den norske versjonen i nevneverdig grad. Vi håper det nye opplaget blir like populært som det første.

Oslo i april 2010
Jan Hoel, Språkrådet

Gledelig nok er det igjen blitt nødvendig å trykke opp et nytt opplag på 1 000 eksemplarer. Noen opplysninger er samtidig blitt oppdatert.

Oslo i juni 2012
Jan Hoel, Språkrådet

Nok et ajourført opplag på 1 000 eksemplarer er trykket opp.

Oslo i mars 2015
Jan Hoel, Språkrådet

Et rettet og ajourført opplag er trykket opp.

Oslo i juni 2020
Marianne Aasgaard o.a., Språkrådet

Innhold

| | |
|--|----|
| Innleiing | 13 |
| 1 Omgrepssanalyse | 15 |
| 1.1 Tilhøvet mellom referent, omgrep, definisjon og term | 15 |
| 1.2 Kjenneteikn | 16 |
| 1.3 Omgrepssinnhald og omgrepssomfang | 17 |
| 1.4 Omgrepssystem | 17 |
| 1.4.1 Generiske relasjoner og omgrepssystem | 17 |
| 1.4.2 Partitive relasjoner og omgrepssystem | 19 |
| 1.4.3 Assosiative relasjoner og omgrepssystem | 21 |
| 2 Definisjonar | 23 |
| 2.1 Typar definisjonar | 23 |
| 2.1.1 Innhaltsdefinisjonar | 23 |
| 2.1.2 Omfangsdefinisjonar | 24 |
| 2.2 Systematisk definisjon | 24 |
| 2.3 Kor nøyaktig skal definisjonen vere? | 26 |
| 2.4 Utskiftingsprinsippet | 26 |
| 2.5 Feilaktige definisjonar | 26 |
| 2.5.1 Sirkeldefinisjonar | 26 |
| 2.5.2 Negative definisjonar | 28 |
| 2.5.3 Mangelfulle definisjonar | 28 |
| 2.5.3.1 For vide definisjonar | 28 |
| 2.5.3.2 For tronge definisjonar | 29 |
| 2.5.3.3 Ufullstendige omfangsdefinisjonar | 31 |
| 2.5.4 Skjulte definisjonar inne i definisjonar | 31 |
| 2.6 Figurar | 32 |
| 3 Termer | 33 |
| 3.1 Typer termer | 33 |
| 3.2 Krav til hvordan termer velges ut og dannes | 33 |
| 3.3 Anbefalte, tillatte og frarådede termer | 33 |
| 4 Begrepsharmonisering og termharmonisering | 34 |
| 4.1 Harmonisering av begreper og begrepssystemer | 34 |
| 4.2 Harmonisering av termer og termsystemer | 34 |
| 5 Trinnene i et terminologiprosjekt | 35 |
| 5.1 Arbeidsgruppe | 35 |
| 5.2 Avgrense fagområdet | 35 |
| 5.3 Kilder | 36 |
| 5.4 Antall begreper | 36 |
| 5.5 Tidsplan | 36 |

| | |
|---|----|
| 5.6 Samle inn og velge ut terminologiske data | 36 |
| 5.7 Begrepssystemer og definisjoner | 37 |
| 6 Presentasjon av terminologiske data (terminografi) | 38 |
| 6.1 Term og definisjon | 38 |
| 6.2 Termposten | 38 |
| 6.3 Termpostenes rekkefølge | 39 |
| 6.4 Datamaskinell støtte | 40 |
| Oversikt over anvendte termer, med sidehenvisning | 41 |
| Nordterms organisasjoner | 44 |
| Referanser til aktuelle standarder | 45 |
| Termleia | 46 |
| Min egen logg | 51 |

Innleiing

Dette heftet byggjer på dei internasjonale standardane ISO 704, 860 og 10241 (dei fullstendige titlane er førde opp på sidene 45–46) og gjev dei grunnleggjande opplysningane som er nødvendige for at eit terminologiprosjekt skal bli vellukka. Heftet vender seg difor til alle arbeidsgrupper som har terminologiarbeid som oppgåve. Heftet inneheld praktiske døme på korleis ein skriv definisjonar som byggjer på ein skikkeleg terminologisk analyse, men det kan ikkje fylle plassen til ein røynd **terminolog**. Ein bør ta kontakt med røynde terminologar når det er mogeleg, særleg i dei innleiane stadia av terminologiarbeidet.

Treng du opplysningar om og hjelp til terminologiarbeid, kan du kontakte Språkrådet eller ein av dei andre medlemsorganisasjonane i Nordterm (sjå s. 44).

Språkrådet
Postboks 1573 Vik^a
NO-0118 Oslo

Tlf.: 22 54 19 50
E-post: post@sprakradet.no
Nettadresse: www.sprakradet.no

Det internasjonale senteret for terminologiinformasjon (Infoterm) kan skaffe deg namn og adresse til røynde terminologar i andre land om du ber om det. Då kontaktar du:

International Information Centre for Terminology (Infoterm)
c/o CO SPACE
Gumpendorfer Strasse 65/1
AT-1060 Wien
Austerrike

Nettadresse: www.infoterm.info

Dei terminologiske arbeidsmetodane og prinsippa som er omtala i dette heftet, byggjer direkte på røynsle frå praktisk terminologi-

arbeid. Døma som blir nytta, er nokså allmenne og er med vilje forenkla så det vesentlege skal komme tydeleg fram.

Før ei arbeidsgruppe tek til å utarbeide ei termliste, er det viktig at gruppa kjenner til dei prinsippa som er omtala i kapitla 1–4. Den framgangsmåten ein bør følgje når ein skal utarbeide ei termliste, er nærmere forklart i kapittel 5 og 6. Framgangsmåten kan kort sammanfattast slik:

- identifisere omgrep
- utarbeide omgrepssystem
- skrive definisjonar
- velje ut og danne termar

I praksis utfører ein ofte desse stega på same tid.

Om ein følgjer denne framgangsmåten, vil arbeidet kunne organisert rast meir effektivt sidan framgangsmåten er i samsvar med prinsippa for kvalitetssikring.

1 OMGREPSANALYSE

Terminologiarbeid er ei tverrfagleg verksemd som går ut på å ordne og overføre kunnskap. Det grunnleggjande elementet i arbeidet er omgrepet. Alt terminologiarbeid skal bygge på at omgrepa og relasjonane mellom dei blir analyserte og strukturerte.

1.1 Tilhøvet mellom referent, omgrep, definisjon og term

I den verkelege verda er det millionar av fenomen, eller det vi kallar **referantar**. Nokre av dei er konkrete (t.d. tre, innretningar og materiale), andre er abstrakte (t.d. samfunn og helse).

Når vi tenkjer på ein referent, til dømes eit tre, vel vi i medvitet vårt ut ei rekke eigenskapar som vi synest best kjenneteiknar referenten. I hovudet vårt blir desse eigenskapane til abstraksjonar som vi kallar **kjenneteikn** (sjå 1.2). Kjenneteikna blir deretter slegne saman slik at dei dannar ei kunnskapseining som vi kallar **omgrep**. (Omgrepet *tre* har mellom anna følgjande kjenneteikn: *fleirårig plante, har meir eller mindre høg og kraftig stamme, har forveda cellelev, har greiner, har røter.*¹⁾)


Eit omgrep som berre er knytt til ein einaste referent, kallar vi eit **individualomgrep** (t.d. *planeten Jupiter, Eiffeltårnet*). Når vi tenkjer på fleire einsarta referantar, trekkjer vi ut dei eigenskapane som alle desse referentane har felles, og set dei saman som kjenneteikn for eit **allmennomgrep** (t.d. *planet, tårn*). Omgrep er abstraksjonar, og for at vi skal kunne kommunisere om dei, treng vi definisjonar og termar for å uttrykkje dei. **Definisjonar** er munnlege eller skriftlege utsegner som avgrensar omgrep, og **termar** er uttrykk som set namn

1 I *Norsk landbruksordbok*, band I (Det Norske Samlaget, Oslo 1979) er *tre* definert slik:
vedplante med meir el. mindre høg og kraftig stamme, og greiner som går ut frå denne og ber kvister med blad (nåler), blomstrar og frukter

Same staden er **vedplante** definert slik:
fleirårig plante med skott der storparten av stengelen (stamma) er bygd opp av **ved**
Ved er definert slik:
forveda (lignifisert) cellelev i røter, stamme og greiner

på omgrep. Eitt eller fleire ord eller andre element, til dømes symbol, kan utgjere ein term.

I figur 1 er elementa i grunnplanet til pyramiden (referantar, termar og definisjonar) konkrete eller abstrakte fenomen i den verkelege verda eller uttrykk i eit språk. Omgrepa, som er plasserte i toppen av pyramiden, er mentale førestellingar. For at vi skal kunne snakke om dei, må vi bruke fastsette uttrykk, det vil seie termar eller definisjonar som viser til dei. For meir detaljerte opplysningar om omgropsanalyse, sjå ISO 704.



Figur 1. Tilhøvet mellom referent, omgrep, definisjon og term

1.2 Kjenneteikn

Kjenneteikn svarer til eigenskapar knytte til referantar. Kvart omgrep har vanlegvis ei mengd kjenneteikn. Mange av dei er så vanlege at dei ikkje eignar seg når vi skal identifisere eit omgrep, eller når vi skal skilje det frå andre omgrep. (Både tre og syklar er *konkrete* og *harde* og kan vere *grøne*.) **Åtskiljande kjenneteikn** er dei kjenneteikna som åleine eller saman med andre kjenneteikn avgrensar omgrepet og skil det frå andre omgrep. I definisjonar er det berre åtskiljande kjenneteikn som skal nyttast. (Til dømes er *har meir eller mindre høg og kraftig stamme* eit åtskiljande kjenneteikn for tre når vi samanliknar dei med klatrande planter. Derimot har alle planter, tre òg, røter, og difor er kjenneteiknet *har røter* ikkje eit åtskiljande kjenneteikn for tre.)

1.3 Omgrepsinnhald og omgrepsomfang

Innhaldet til eit omgrep er alle dei kjenneteikna som utgjer omgrepet. (Omgrepsinnhaldet til *tre* omfattar til dømes kjenneteikna *fleirårig plante, har meir eller mindre høg og kraftig stamme, har greiner.*) Omfanget til eit omgrep er alle dei referentane som omgrepet dekkjer. (Omgrepsomfanget til *tre* omfattar alle furutre, grantre, bjørketre, eiketre, epletre og liknande, men ikkje slektstreet!) Både **omgrepsinnhald** og **omgrepsomfang** kan nyttast til å definere omgrep (sjå 2.1).

1.4 Omgrepssystem


Omgrep er ikkje uavhengige. Dei er alltid knytte til andre omgrep på ein eller annan måte, og dei dannar **omgrepssystem** som kan variere frå ganske enkle til svært komplekse. For at ein skal lukkast med å skrive definisjonar i terminologiarbeid, må ein analysere relasjona mellom omgropa og setje dei opp i omgrepssystem.

Omgrepssystem blir klassifiserte etter kva typar relasjonar som finst mellom omgropa. I all hovudsak skil vi mellom tre typar relasjonar: **generiske, partitive** og **assosiative**. I praksis arbeider vi ofte med ein kombinasjon av desse relasjonstypane (blanda omgrepssystem).

1.4.1 Generiske relasjonar og omgrepssystem

Det ligg føre ein generisk relasjon når to omgrep deler ei identisk mengd kjenneteikn, men eit av omgropa, **underomgrepet**, har *minst eitt* åtskiljande kjenneteikn i tillegg. (Om til dømes *tre* er **overomgrepet**, vil *bartre* vere eit underomgrep med *har nåler* og *er ein nakenfrøa plante* som åtskiljande kjenneteikn.) Underomgrepet har eit mindre omgrepsomfang (sjå 1.3) enn overomgrepet. (Det finst med andre ord færre bartre enn det finst tre.)

Eit generisk omgrepssystem byggjer på dei generiske relasjonane mellom omgropa. Overomgrepet er delt inn i fleire underomgrep. Det generiske omgrepssystemet har ofte fleire nivå. Eit underomgrep kan vere overomgrep for ei anna mengd underomgrep og så vidare. (Til dømes kan *bartre* delast inn i *gran* og *furu*.) Sjå figur 2.




Figur 2. Generisk omgrepssystem for *tre*

Eit omgrep kan delast inn i underomgrep på fleire måtar. Underinndelinga av *tre* kan til dømes bygge på følgjande kriterium:

- anatomi (figur 2: *bartre*, *lauvtre*)
- artseigenskapar (figur 3: *lyskrevjande tre*, *skuggetre*)
- bladfelling (figur 3: *sommargrønt tre*, *eviggrønt tre*)


Underomgrep som er sett opp ved sida av kvarandre etter same inndelingskriterium, blir kalla **sideomgrep**. I figur 3 er til dømes *lyskrevjande tre* og *skuggetre* sideomgrep, medan *lyskrevjande tre* og *sommargrønt tre* ikkje er det.



Figur 3. To generiske omgrepssystem for *tre*, med ulikt inndelingskriterium

Underinndelingane i figur 3 er parallelle og uavhengige av kvarandre og kan sjåast som underinndelingar av eit omgrep etter to ulike inndelingskriterium. I terminologiarbeid kan desse underinndelingane handsamast som åtskilde omgrepssystem med same overomgrep. Det er likevel ofte enklare å skjöne mangfaldet i omgrepsselasjonar dersom omgrepa er slegne saman slik at dei dannar eitt omgrepssystem med fleire inndelingskriterium (sjå figur 4).

Når eit omgrepssystem blir framstilt i eit trediagram, kan inndelingskriteria skrivast langs linene for underinndelingane.




Figur 4. Generisk omgrepssystem for *tre*, med fleire inndelingskriterium

1.4.2 Partitive relasjoner og omgrepssystem

Det ligg føre ein partitiv relasjon når overomgrepet er knytt til referenten som eit heile og underomgrepa er knytte til delar av denne heilskapen (t.d. eit tre og delane av det: stamme, greiner, røter o.a.).


Partitive omgrepssystem kan framstå på mange måtar. Dei delane som utgjer heilskapen, kan alle vere like (som dei to oksygenatoma som utgjer eit oksygenmolekyl) eller ulike (som dei fire årstidene som utgjer eit år). I nokre tilfelle er talet på delar avgjerande (to oksygenatom dannar eit oksygenmolekyl, tre oksygenatom dannar eit ozonmolekyl), andre gonger er det ikkje avgjerande (ein stol kan ha frå eitt til fire eller fleire bein). Heilskapen kan vere eit lukka system med visse delar (eit år) eller eit ope system som tillet at fleire delar kan takast med (elektrisk utstyr er ein heilskap som omfattar minst eitt elektrisk apparat).



Figur 5. Partitivt omgrepssystem for *tre*

Figur 5 viser eit partitivt omgrepssystem som er metodisk og korrekt sett opp. I praksis ville nok ikkje uttrykka *trerot* og *tregrein* bli førde opp som termar i ei termliste for tre. Dei ville bli bytte ut med *rot* og *grein*, som viser til meir allmenne omgrep. Meir om dette under 2.5.3.2 og i figur 8.

På same måten som generiske omgrepssystem kan partitive omgrepssystem ha fleire nivå og inndelingskriterium (sjå figur 6).



Figur 6. Partitivt omgrepssystem for *tre*, med fleire inndelingskriterium

1.4.3 Assosiative relasjonar og omgrepssystem

Assosiative relasjonar dekkjer ei lang rekke ikkje-hierarkiske relasjonar, til dømes:

- årsak/verknad (*vår / det kjem lauv på trea*)
- produsent/produkt (*skjor / eit skjorereir*)
- aktivitet/aktør (*bygging av reir / fugl*)
- aktivitet/stad (*bygging av reir / tre; papirproduksjon/papirfabrikk*)
- føremål/stad (*reir/tre; papirmaskin/papirfabrikk*)
- føremål/aktivitet (*epletre/fruktplukking*)
- verkty/funksjon (*papirmaskin/papirproduksjon*)
- materiale/produkt (*trevyrke/papir*)


Dei assosiative relasjonane mellom omgropa i eit omgrepssystem kan variere (sjå figur 7).

koking

handsaming av fiberråstoff i varme og med vatn, vanlegvis med tilsetjing av kjemikaliar for å frigjere fibrar

papirmaskin

maskin til framstilling av papir i samanhengande baner



Figur 7. Assosiativt omgrepssystem

Relasjonar:

- 1 opphav → produkt
- 2 råstoff → prosess
- 3 prosess → produkt
- 4 råstoff → maskin
- 5 maskin → sluttprodukt

Dei understreka orda i figuren viser korleis termar går att i definisjonane av nærskyldne omgrep.

2 Definisjonar

Kvaliteten på eit terminologiarbeid avheng hovudsakleg av kvaliteten på definisjonane.

Ein definisjon skal gjelde *berre eitt omgrep*. Dersom ein term står for fleire enn eitt omgrep på det fagområdet som blir hand-sama, skal det gjerast greie for desse omgrepene i særskilde term-postar i ordlista (sjå også 6.2).

Definisjonane skal vere skrivne på ein slik måte at omgropa står på rett plass og er høveleg skildra i sine respektive omgrepssystem. Før ein tek til å skrive sjølve definisjonen, er det difor nødvendig å identifisere

- a) dei omgropa i det aktuelle omgrepssystemet som er nær knytte til kvarandre
- b) dei relasjonstypane som ligg føre mellom omgropa

I figur 4, 5 og 7 er det døme på definisjonar som byggjer på ulike typar omgropsrelasjoner.

2.1 Typar definisjonar

I fagordlister kan omgrepene definerast med hjelp av

- **innhaltsdefinisjonar**, som skildrar dei vesentlege og åtskiljande kjenneteikna til omgrepet
- **omfangsdefinisjonar**, som reknar opp dei referentane som omgrepet dekkjer

2.1.1 Innhaltsdefinisjonar

Når ein skriv definisjonar, er det vanlegast å rekne opp dei åtskiljande kjenneteikna til omgrepet. Alle omgrep har ei rekkje kjenneteikn, og skulle vi rekne opp alle saman, ville definisjonen bli uforståeleg. Difor byggjer ein innhaltsdefinisjon alltid på eit generisk overomgrep som dekkjer dei grunnleggjande vesentlege kjenneteikna og plasserer omgrepene i rett samanheng blant liknande omgrep.

(*tre* blant *planter*, *papirmaskiner* blant andre *maskiner* osv.). Resten av definisjonen omfattar dei åtskiljande kjenneteikna som må vere med for å skilje dette omgrepet frå andre nærståande omgrep.

Døme: **lyskrevjande tre**

tre som treng mykje lys

skuggetre

tre som trivst best i skugge

edelgass

einatomig gass som berre sjeldan er med i kjemiske sambindingar

Det er fleire døme i definisjonane i figur 4, 5 og 7.

2.1.2 Omfangsdefinisjonar

Omfangsdefinisjonar reknar opp dei referentane som er dekte av det omgrepet som skal definerast (sjå 1.3).

Døme: **edelgass**

helium, neon, argon, krypton, xenon, radon eller ununoctium¹

Sjå òg definisjonen av *bartre* under 2.5.3.3.

2.2 Systematisk definisjon

For at kommunikasjonen skal vere tydeleg, må omgropa og relasjonane og skilnadene mellom dei vere eintydig skildra. Når ein skal skrive ein definisjon, er det difor viktig å vite korleis omgrepet passar inn i det aktuelle omgrepssystemet.

I generiske omgrepssystem byggjer innhalldsdefinisjonen alltid på det nærmeste overomgrepet. Deretter blir åtskiljande kjenneteikn valde ut for å vise relasjonane mellom over- og underomgropa og mellom sideomgropa.

¹ Legg merke til at formuleringa «helium, neon, argon, krypton, xenon, radon og ununoctium» gjev definisjonen for gruppe 18 i «det periodiske systemet» for grunnstoff, dvs. heile gruppa av edelgassar.

Døme:

tre

fleirårig **plante** med meir eller mindre høg og kraftig stamme og forveda cellevev

bartre

tre med nåle- eller skjelforma blad og nakne frø

gran

bartre av slekta *Picea*

I partitive omgrepssystem kjem ein relasjon mellom overomgrepet og underomgrepet til syne berre i definisjonen av eit av desse omgrepene (sjå òg 2.5.3.2).

Døme:

1 saks

klippereiskap som har to **saksblad** som er føydde saman på midten og dannar ei X-form når dei blir opna, og klipper når dei går saman

saksblad

flatt blad av metall som har egg på den eine sida og ringforma handtak for finger i den eine enden

2 år

tidsrom som (meir eller mindre nøyaktig) svarer til krinsløpet til jorda rundt sola

årstid

del av **år** som er karakterisert ved vær-, vekst- og naturforhold av same slaget

Når det ligg føre ein assosiativ relasjon, tek innhaldsdefinisjonen vanlegvis til med ein generell term som står for eit generisk overomgrep (sjå òg 2.1.1), og deretter kjem kjenneteikna som viser den relevante assosiative relasjonen.

Døme:

1 ved

trevyrke til brensel

←

vedkasse

beholder til **ved**

| | | | |
|-------|--|---|---|
| Døme: | 2 tømmer | ← | tømmerhus |
| | trestammer til byggjevirke eller foredling | | hus bygd av tømmer |
| 3 | fyrstikkvyrke | → | fyrstikk |
| | rundvyrke til framstilling av fyrstikker | | trestikke med tennsats som fatar ved gniding |

2.3 Kor nøyaktig skal definisjonen vere?

Definisjonar skal vere så kortfatta som mogeleg. Definisjonar som er skrivne med omtanke, skal innehalde berre dei opplysingane som trengst for å plassere omgrepene riktig i omgrepsystemet. Alle tilleggsopplysningars og døme bør stå i ein merknad. Slike tilleggsopplysningar kan til dømes vere viktige kjenneteikn som ikkje er vesentlege, eller ei opprekning av typiske referantar som omgrepsomfanget omfattar.

| | |
|-------|---|
| Døme: | eviggrønt tre |
| | tre som held på blada sine sjølv i den kalde årstida på dei breiddegrader der slike årstider kjem regelmessig, men som kan misse blada sine i arktisk klima, eller tre som veks i eit klima der det ikkje er skiftande årstider |

Skriv heller:

eviggrønt tre

tre som held på blada sine heile året

MERKNAD: Det er klimaet som avgjer om eit tre held på blada sine og dermed kan klassifiserast som eviggrønt.

2.4 Utskiftingsprinsippet

I tekstar kan termar og definisjonar skiftast ut med kvarandre. Det inneber at ein term om nødvendig skal kunne skiftast ut (med små endringar) med definisjonen sin. For å avgjere om ein definisjon er korrekt eller ikkje, kan ein gjere ei utskiftingsprøve. Det gjer ein ved å byte ut termen med definisjonen av termen i til dømes ein annan definisjon.

2.5 Feilaktige definisjonar

Dei vanlegaste feilaktige definisjonane er sirkeldefinisjonar, negative definisjonar og mangelfulle definisjonar. Fleire opplysningar om andre typar feilaktige definisjonar kan ein få frå røynde terminologiar eller finne i handbøker om terminologi.

2.5.1 Sirkeldefinisjonar

Ein sirkeldefinisjon oppstår når vi definerer eit omgrep med omgrepet sjølv, direkte eller indirekte. Av den grunn gjev ikkje ein sirkeldefinisjon oss auka kunnskap om omgrepet. Det er to typar sirkeldefinisjonar:

- indre sirkeldefinisjon, det vil seie ein sirkel innanfor ein og same definisjon
- ytre sirkeldefinisjon, det vil seie ein sirkel innanfor eit omgrepssystem

Ein definisjon går i sirkel innanfor ein og same definisjon når omgrepet blir nytta som overomgrep (døme 1) eller som eit av kjennteikna i definisjonen (døme 2).

Døme: 1 **trehøgd**

trehøgd målt frå bakken til toppen av treet

Skriv heller:

trehøgd

avstanden frå bakken til toppen av treet

Døme: 2 **eviggrønt tre**

tre som er **eviggrønt**

Skriv heller:

eviggrønt tre

tre som held på blada sine heile året

Det ligg føre ein sirkeldefinisjon innanfor eit omgrepssystem om to eller fleire omgrep blir definerte med hjelp av kvarandre.

Døme: **nedstraums**
i omvend retning av **oppstraums**

oppstraums
i omvend retning av **nedstraums**

Skriv heller:
nedstraums
i retning med straumen

Definisjonen av *oppstraums* kan likevel stå som han er, sidan han tydelegger at *oppstraums* høyrer saman med *nedstraums*.

2.5.2 Negative definisjonar

Ein definisjon skal vanlegvis skildre kva eit omgrep er, ikkje kva det *ikkje* er. Likevel er det nokre omgrep som krev ein negativ definisjon, sidan fråværet av visse kjenneteikn er vesentleg for omgrepet.

Døme: 1 Negativ definisjon som ikkje kan godtakast:

sommargrønt tre
tre som ikkje er eviggrønt

Skriv heller:
sommargrønt tre
tre som feller blada før vinteren

2 Negativ definisjon som kan godtakast:

fleinskalla
som ikkje har hår på hovudet

I prinsippet skal ein uttrykkje kjenneteikn positivt. I visse tilfelle kan likevel eitt av fleire kjenneteikn innehalde eit negativt uttrykk, til dømes om det er vesentleg, ein språkleg konvensjon eller fast etablert.

2.5.3 Mangelfulle definisjonar

Ein definisjon skal vere nøyaktig. Han skal korkje vere for vid eller for trong.

2.5.3.1 For vide definisjonar

